


Kommunale tilskot til landbruket i Lom

Retningsliner for tiltak som kan støttast



KOMMUNALE TILSKOT TIL LANDBRUKET I LOM

Kommunestyret 22.03.07

1. FØREMÅL MED TILSKOTSORDNINGA:

1. Styrke og oppretthalde eksisterande produksjonar i landbruket
2. Motivere ungdom til å satse på eit yrke i landbruket
3. Sikre busettinga i Lom
4. Stimulere til nytenking i landbruket
5. Stimulere driftsformer som tek vare på miljøet og biologisk mangfald
6. Ta vare på utmarka og sikre forsvarleg bruk av utmarksressursane
7. Mobilisere til opprydding i kulturlandskapet i Lom
8. Sikre ressurs- og produksjonsgrunnlaget til landbruket
9. Auke aktiviteten i skogbruket og såleis styrke økonomien i landbruket

2. VIRKEOMRÅDE:

Retningslinene gjelder for prosjekt og tiltak på landbrukseigedommar i Lom kommune.

3. TILSKOT KAN GJEVAST TIL:

- 3.1 Jordbrukstiltak: Driftsbygningar i landbruket, nydyrking, beiterydding, nyanlegg/ombygging vegar, vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg, etableringstilskot ved generasjonsskifte.
- 3.2 Skogbrukstiltak: Nyanlegg/ombygging vegar, planting og ungskogpleie, 1. gongstynning, Førehandsrydding i hkl. 3., Drift i bratt terreng.
- 3.3 Andre tiltak og prosjekt i landbruket der lokale fortrinn kan skape lønnsam næringsaktivitet. Kommunale og andre samarbeidsprosjekt som kjem landbruksnæringa til gode kan støttast.

4. GENERELLE REGLAR FOR STØTTE:

- 4.1 Det vert i utgangspunktet ytt eingongstilskot og ikkje driftstilskot.
- 4.2 Tiltaket skal ikkje vera påbegynt før søknadsåret.
- 4.3 Søknadsfristar 15. mai og 15. oktober.
- 4.4 Dersom eit tiltak har fått løyvd statleg støtte skal ikkje det kommunale og statlege tilskotet overstige 50%. Det er gjort unntak for Planting og ungskogpleie, der det kommunale og statlege tilskotet kan utgjere inntil 75%.
- 4.5 Det skal liggja ved plan, kostnadsoverslag og finansieringsplan til søknaden. Det er utarbeida eige søknadsskjema for ordninga.
- 4.6 Minste tilskotsgrunnlag for tiltaka: nyanlegg veger og vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg er kr. 10.000

- 4.7 Tilskottet blir utbetalt etterskottsvis etter tilvising frå landbruksetaten. Tilskottet blir utbetalt etter rekneskap.**
- 4.8 Som ein generell regel gjeld ei bindingstid på 5 år. Dersom produksjonen opphøyrar innafor denne tida skal som hovudregel tilskottet attendebetalast, redusert med 20% pr. år.**

5. REGLAR FOR DEI ULIKE TILTAKA:

5.1 Driftsbygningar i landbruket:

- a. Ordninga gjeld bygningsmessige utbetringar på driftsbygningar som er naudsynte av omsyn til gardsdrifta heime og på setra. Det kan ikkje gjevast tilskot til bustadhus ol.
- b. Det kan løyvast tilskot med inntil 25 % av kostnadsoverslaget. Maksimalt tilskot er kr 75 000,-. Min. kostnad på tiltaket vert sett til kr. 100 000,-.
- c. Det kan ikkje gjevast tilskot frå BU-ordninga og kommunalt næringsfond til same tiltak.

5.2 Etableringstilskot ved kjøp/ervert og generasjonsskifte

- a. Det kan gjevast støtte i samband med kjøp eller overtaking av landbrukseigedom. Eigedomsoverdraginga må vera dokumentert gjennomført etter 01.01.06.
- b. Ein føresetnad for etableringstilskot er at det er sjølvstendig drift på bruket, og at eigar mottek produksjonstilskot.
- c. Det blir gjeve kr 50.000,- i tilskott. Dette endrar ikkje på retten til eksisterande etableringstilskott ved 1. gongs etablering.

5.3 Nydyrking:

- a. Det kan gjevast tilskot til fulldyrking.
- b. Det kan gjevast tilsegn om inntil 30 % av kostnadsoverslaget, og maksimalt kr. 2500 pr. daa. Minsteareal 1 da.
- c. Arealet må vera skikka til føremålet, og det skal takast omsyn til verdiar i kulturlandskapet. Verdifulle areal dokumentert som A, B eller C- område jf. DN-handboka og krav til naturtypar, skal ikkje fulldyrkast.
- d. Tilskot kan ikkje løyvast før plan for nydyrking er godkjent av kommunen, jf. forskrift om nydyrking av 2.mai 1997

5.4 Beiterydding:

- e. Det kan gjevast tilskot til beiterydding for å halde kulturlandskapet ope.
- f. Det kan gjevast tilsegn om inntil 30 % av kostnadsoverslaget, og maksimalt kr. 1000 pr. daa. Minsteareal 2 da.
- g. Følgjande kan takast med i overslaget: overflaterydding, fjerning av busk og kratt, grøfting, gjerde utan piggråd.
- h. Arealet må vera skikka til føremålet. Det skal takast omsyn til kulturlandskapet. Det blir sett vilkår om skjøtsel ved slått eller beite.

5.5 Vassvegar/damanlegg/vatningsanlegg:

- a. Det kan gjevast tilskott til fast vatningsanlegg. (restaurering av gamle vassveigar, damanlegg og nytt vatningsanlegg).
- b. Det blir ikkje gjeve tilskot til vatningsvogn og anna spreieutstyr.
- c. Det skal takast omsyn til kulturlandskap og kulturminne.
- d. Fellestiltak for omlegging til naturleg trykk vil bli prioritert.
- e. Det kan gjevast tilsegn om inntil 30% av kostnadsoverslaget.

5.6 Landbruksveggar:

- a. Tilskotet gjeld både nybygging og ombygging av eksisterande veg. Ved ombygging er det krav at vegstandarden skal hevast minst ei vegklasse. Vegen skal vera planlagt av fagfolk og godkjent i alle instansar før tilskott kan løyvast.
- b. Det kan gjevast tilsegn om inntil 30 % av kostnadsoverslaget. Det er eit vilkår at interessentane held vegen vedlike.

5.7 Planting og ungsogpleie:

- a. Tilskot kan gjevast til nødvendig etterarbeid og ungsogpleie (manuell og motormanuell rydding av gras, lauvkratt og avstandsregulering i etablerte foryngingar), og til planting.
- b. Kommuntal tilskot til etterarbeid kan gjevast med inntil 30% av kostnaden. Tilskot blir ikkje gjeve til kostnader som er høgre enn det som er normalt ved ei rasjonell arbeidsordning. Det maksimale kostnadstaket som kan gje grunnlag for tilskot følgjer det til kvar tid gjeldande taket for statstilskot.
- c. Tilskotet blir gjeve på vilkår av at fleirbruksomsyn som er nedfelt i skogbrukslova med forskrifter blir fylgd.

5.8 1. gongs tynning:

- a. Tilskot kan gjevast til 1. gongs tynning i h kl. III (yngre produksjonsskog)
- b. Bestandet skal vere på minst 2 daa og uttaket skal vere minst 2 m³ pr. daa.
- c. Tiltaket skal ha som formål å fremje kvaliteten i bestandet og det er eit vilkår at fleirbruksomsyn som er nedfelt i skogbrukslova med forskrifter blir fylgd.
- d. Tilskot blir gjeve med kr. 40 pr. m³.

5.9 Førehandsrydding i hkl. 3:

- a. Tilskot blir gjeve til førehandsrydding før 1. gongs tynning i hkl. 3
- b. Tilskot blir gjeve med 50% av kostnaden avgrensa av maksimalt kr. 250 pr. daa

5.10 Drift i bratt terreng:

- a. Tilskot kan gjevast til slepebane-/taubanedrifter. Kriteria for tilskot følgjer det statlege regelverket.
- b. Tilskot blir gjeve med inntil kr 40,- pr kbm.

5.11 Andre tiltak i landbruket:

- a. Tilskot kan gjevast til andre tiltak og prosjekt i landbruket der lokale fortrinn kan skape lønnsam næringsaktivitet.
- b. Tilskot kan og gjevast til kommunale og andre samarbeidsprosjekt som kjem landbruksnæringa til gode.
- c. Tiltak og prosjekt skal vera i samsvar med ordninga sitt føremål.
- d. Det kan gjevast inntil 30% tilskott av kostnadsoverslag.

6. VEDTAKSORGAN.

Søknadane vert behandla i samsvar med Lom kommune sitt gjeldande delegasjonsreglement.